



## SAKSPAPIR

<b>Styre, utval, komite m.m.</b>	<b>Møtedato</b>	<b>Saksnr</b>
Saksgruppe Næring og Utvikling		

<b>Saksansvarleg</b>	<b>Arkiv: N - 101, HistSak - 13/262</b>	<b>Arkivsaknr</b>
Laila Klemetsaune	<b>Objekt:</b>	16/110

### Prosjekt Skaganeset/Kvalvågen - løypemelding

#### Samandrag av saka:

Saksgruppe Næring og utvikling godkjende prosjektplanen i møte 27.09.2017. Dette er første skriftlege løypemelding i det 3-årige prosjektet.

#### Saksutgreiing:

Prosjektet er eitt av punkta i handlingsprogrammet i kulturminneplanen. Arbeidet starta i januar 2017 med at Kultur hadde 2 studentar i praksis frå AHKR (Arekologi, historie, kultur- og religionsvitenskap). I 2018 får vi to nye studentar til å gjera ein innsats i prosjektet. Hovudaktivitetar og milepælar i prosjektplanen må ajourførast. Prosjektgruppa held fram med arbeidet sitt ut 2019. Det er søkt om kr 50.000 i nye BARK-midlar, som er tenkt brukt til implementering av kulturminneløypa i biblioteket sin web-app [www.ordispor.no](http://www.ordispor.no). I løpet av våren 2018 bør ein ferdigstilla ryddinga, setja opp kulturminnetavlene og arrangera kulturminneturar på Skaganeset. Skjotselsplan bør vera ferdig i løpet av hausten 2018.

#### Vurdering:

Saman med ein feltarbeidar i engasjementsstilling i kultureininga, har ein fått utført mykje konkret arbeid på Skaganeset. Det er god tilrettelegging med stiar, kloppar, rydding rundt steinalderfunna, fjerning av greiner på utsiktspunkt og oppsetting av stolpar til kulturminne-skilta. Det er sett opp personteljar, turkasse og laga ein skiltplan. Skogsvåg skule og Skogsvåg idrettslag er kopla på når det gjeld innsamling av data og dugnadar. Det er lagt eit godt grunnlag for ferdigstilling av planane for Skaganeset i 2018. Formidling av kvalfangsthistoria vil få fokus i 2019.

#### Tilråding til vedtak:

1. Løypemeldinga vert godkjend slik den ligg føre.
2. Prosjektplanen med hovudaktivitetar og milepælar for 2018 vert ajourført i møte med prosjektgruppa 22.02.18.